



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/23	Hovudutval oppvekst/kultur	20.11.2023
149/23	Formannskapet	27.11.2023
	Kommunestyret	

Ungdomsrådet – Reglement

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar reglement for Sveio ungdomsråd slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret vedtar følgande endring av reglement for folkevalde organ:

I pkt. 19, første avsnitt, blir første setning endra til: Ungdomsrådet har rett til å stilla med éin representant i hovudutvala og to representantar i formannskapet og kommunestyret; ungdomsrådsrepresentantane har tale- og forslagsrett.

Hovudutval oppvekst/kultur 20.11.2023:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

HOK - 050/23 Vedtak

Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding til formannskapet:

1. Kommunestyret vedtar reglement for Sveio ungdomsråd slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret vedtar følgande endring av reglement for folkevalde organ:

I pkt. 19, første avsnitt, blir første setning endra til: Ungdomsrådet har rett til å stilla med éin representant i hovudutvala og to representantar i formannskapet og kommunestyret; ungdomsrådsrepresentantane har tale- og forslagsrett.

Saksutgreiing

Samandrag

Rådmannen legg fram eit framlegg til reglement for Sveio kommune sitt ungdomsråd.

Bakgrunn for saka

Sveio kommune var ein av dei første kommunane i tidlegare Hordaland som oppretta eit ungdomsråd, på slutten av 90-talet. Ein ser no behov for å få på plass nokon eit oppdatert reglement for ungdomsrådet sitt virke. Framlegget til reglement bygger på Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) sin rettleiar om ungdomsråd, samt etablert praksis i Sveio kommune.

Saks- og faktaopplysningar

Så vidt rådmannen kan sjå av kommunen sitt saksarkiv, har det ikkje blitt vedtatt oppdateringar/revideringar av vedtekter/reglement for ungdomsrådet sidan tidleg på 2000-talet, og ein har ikkje fullstendig dokumentasjon av dette. Dermed er det eit behov for å formelt vedta eit nytt reglement for ungdomsrådet, òg med tanke på den nye kommuneloven som tredde i kraft i 2019, og som bl.a. regulerer medverknadsorgan som ungdomsråd. Reglementet er utarbeidd av noverande koordinator og sekretær for ungdomsrådet, i samarbeid med rådsmedlemmene, og basert på Bufdir sin rettleiar og gjeldande praksis i kommunen.

Innkomne merknadar

Ungdomsrådet har hatt framlegget til reglement til behandling i sitt møte 26. oktober, kor det blei fatta samrøystes vedtak om å be kommunestyret ta framlegget til behandling.

Konsekvensar

Formålet med framlegget til reglement inneberer i all hovudsak å kodifisera gjeldande rett og praksis, men med nokon endringar:

- Ein reduserer talet på medlemmer av rådet, og i motsetnad til tidlegare blir vararepresentantar berre å møta ved forfall (tidlegare har alle vararepresentantar vore møtande).
- Etter ungdomsrådet sitt eige ønske vil éin framover berre velja éin representant i staden for to til å møta i hovudutvala. Dette gjer det nødvendig å endra kommunen sitt reglement for folkevalde organ.

Pkt. 3 i reglementet gir rådmannen fullmakt til å organsiera valprosessen til rådet. Her har ein som mål å sjå på endringar frå dagens opne val til ei valform som kan sikra representasjon på ein meir føremålstenleg måte.

FN sine berekraftsmål



Delmål nr. 7 under berekraftsmål nr 16 er å sikra lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå. Å ha eit godt fungerande ungdomsråd er eit viktig verktøy for å sikra dette på lokalt nivå.

Økonomiske konsekvensar

Framlegget til reglement for ungdomsrådet viser til forskrift om godtgjersle for folkevalde i Sveio kommune når det kjem til møte- og køyregodtgjersle, samt dekning av tapt arbeidsforteneste. Framlegget inneber dermed ingen endringar. Men i behandlinga hos ungdomsrådet oppstod spørsmålet om møtegodtgjersle for møter i sjølve ungdomsrådet. Dagens godtgjersleforskrift gir berre rett til møtegodtgjersle i dei tilfelle representantar for ungdomsrådet møter i høvesvis hovudutvala, formannskapet og kommunestyret. Rådmannen vil komma tilbake til spørsmålet om godtgjersle for møter i sjølve ungdomsrådet i løpet av 2024, når forskrifta om godtgjersle for folkevalde kjem til kommunestyret for revisjon.

Beredskap

Ikkje relevant.

Vurdering

For å sikra gode og føreseielege medverknadsprosessar, er det viktig med klare rammer for det enkelte organ sitt virke. Framlegget til reglement er i tråd med Bufdir sin rettleiar og godt tilpassa gjeldande praksis i Sveio kommune, samstundes som det gir eit godt grunnlag for ungdomsrådet til å arbeida og utvikla seg.

Det blir delegert til rådmannen å laga rutine for valprosess, samt for korleis sekretariats- og koordineringsfunksjonen for ungdomsrådet skal organiserast. Dette er ein føremålstenleg framgangsmåte, slik at desse detaljane kan bli tatt i dialog med ungdomsrådet og relevante tilsette.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen tilrår kommunestyret å vedta framlegget til reglement for ungdomsrådet slik det er lagd fram.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018 nr. 83 (kommuneloven)
- Reglement for folkevalde organ

Vedlegg:

Ungdomsrådet – Framlegg til reglement